



Charles Sommerseth Lilleskare
Titlandsvegen 389
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1181 - 17/27296

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
25.09.2017

Stadfester mottatt klage på vedtak - gbnr 129/6 Titland søndre

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 22.09.2017.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutvalet. Møte vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Lindås kommune si heimeside

(<http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>)

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

I brev datert 21.09.2017 er det gjeve utsatt iverksetting, sjå vedlegg.

I klagen er det vist til at kopi av klage vert sendt med kopi til 58 grunneigarar/bebuarar. Dersom Lindås kommune skal ha oversikt på kven desse 58 mottakaren er, så må det sendast inn ei liste med namn og adresse på dei som de som klagar representerar.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avgjerd om utsatt iverksetting av vedtak - gbnr 129/6 Titland søndre

Mottakarar:

Charles Sommerseth Lilleskare

Titlandsvegen 389 5912

SEIM

Kristine Hunter Allport

Titlandsvegen 389 5912

SEIM